



## Agenda of The Board Meeting - Spanish Language and Latin-American Studies

Date: 30. September 2020

Time: kl. 12:30-14.00

Place: HF-building, room 309 (or via Zoom)

**15/20**            **Approval of agenda**

**16/20**            **Approval of minutes – Board Meeting 27<sup>th</sup> May and 16th June**  
(Attachment 1)

**17/20**            **Information**

1. Welcome to the new members of the Board, Solange Estrada Saballos (Master candidate) and Aslak Werner Dahl (secondary education teacher candidate).
2. External Peer

Hans Jacob Ohldieck will visit us late in November (Week 48). He is going to evaluate the 100-level of the Bachelor Program. To do so he wants to have a dialog and look forward meeting our student representatives, students and peers.

**18/20**            **Discussions**

1. The recruitment day *Open dag 2021* 15<sup>th</sup> of February (Attachment 2)

Who wants to participate? The discipline is obliged to make a short movie and to hold a lecture or in other ways show what this discipline has to offer possible new students.

2. Student Evaluations (SPLA100/SPLA117/SPLA118/SPLA119): What kind of questions? What kind of measures could increase the students to participate and make them answer?
3. Teaching and examinations during autumn 2020

**19/20**            **Matter of decisions**

1. Make changes in the Study plans or in the respective course descriptions?

The Board has the mandate to make such changes (ex. content of the course description) and must vote to make them approved and sort of legal. The Board could do so, but must only consider courses that have lecture/teaching in the autumn.



2. To establish new courses at 100-level (based on SPLA117/SPLA118/SPLA119)

The Board must follow up the ongoing work to establish courses at 100-level aiming for students outside Bergen and to offer distance learning. The model suggests integrating students at campus and those from distance, make them follow the same learning outcome, use the same literature, and consider hybrid lectures (partly digital/analog). But the most essential question is form of assessment. The Board must discuss if the new courses should have the same form of assessment?

**20/20**

**Other cases**

23.09.2020/RGB



## Referat frå programstyret i Spansk språk og latinamerikastudium

**Dato: 27. mai 2020**

**Tid: kl. 12:30-14.00**

**Sted: virtuelt, rom 309**

Til stades med stemmerett: Jon Askeland, Kari Soriano Salkjelsvik, Miguel Agel Quesada-Pacheco, Xavi Llovet Vilà, Synnøve Ones Rosales, Mareike Mannigel, Solveig Bermúdez, Roxana Sobrino Triana, Ernesto Semán, Mihaela Kvamme

Til stades: Håkon Tveit, Soledad Marambio og Robert Graff Bakkevold (sekretær)

### Sakliste:

**07/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjend

**08/20 Godkjenning av møtereferat frå programstyremøtet 19. februar (sjå vedlegg)**

Godkjend

**09/20 Vedtakssaker**

Emneansvarleg legg fram forslag til eventuelle endringar og motiva bak dei. Styret drøfter forslaga til reviderte emneomtalar og fattar vedtak.

Dette gjeld alle emne som skal ha campusundervisning om våren (med start frå 2021): SPLA106, SPLA107, SPLA108, SPLA109, SPLA207/257, SPLA208/258, SPLA209/259, SPLA314, og SPLA315.

I tråd med tilbodet om fjernundervisning frå våren 2021 skal styret opprette eigne «skyggemne», emneomtalar som er tilnærma lik 100-nivåemna, men har andre emnekoder.

----

*I forkant av møtet blei det sendt ut endringsrapportar (EpN) til alle styremedlemene per mail for emna: SPLA107,108, SPLA109, DIDASPA1 og DIDASPA2.*

### **SPLA107:**

Styret vurderer endringane som ligg til grunn. Det kom fleire kommentarar på teksten under rubrikken «Arbeids- og undervisningsformer». Emneansvarleg og faglærarar er usikre på korleis ein skal forstå potensiell auke i talet på veker med undervisning. Føremålet er å gi undervisarane meir fleksibilitet.

Studentrepresentantane ønskjer derimot at talet på veker skal vere konkret forankra i emneomtalen. Styret vedtar forslaget til endring, og uttrykkjer samstundes at



emneansvarleg forpliktar seg til å informere tydeleg til studentane i starten av semesteret kva omfang undervisninga får.

Vidare vedtar styret framlegget om å auke talet på obligatoriske øvingsoppgåver frå ei til to. det kan medføre meir studentaktiv læring.

Miguel hevda at desse må bli skrivne på spansk ettersom studentane må skrive på spansk under eksamen. Då oppdaga samstundes styret at det er eit misforhold mellom den engelske og norske teksten som handlar om «Vurderingsform» og krav til språk. Styret vedtok at innhaldet i den engelske versjonen er førande og ønskjer same informasjon på norsk.

#### **SPLA108:**

Styret gjorde små endringar i forslaget til endringar. Same formular jamfør SPLA107 blir brukt om «Arbeids- og undervisningsformer». Emneansvarleg ønskte å utvide talet på obligatoriske oppgåver frå to til tre. Det vart vedtatt.

Det kom innspel på å rydde opp i tekstrubrikken «Hjelpemiddel til eksamen». Ved munnleg eksamen er det ikkje behov for ordbøker. Styret vedtok å fjerne gamal og misvisande tekst og heller setje inn frasen «Ikkje relevant».

#### **SPLA109:**

Synnøve (emneansvarleg) presenterer framlegga som vart sende ut til styret i forkant av møtet. Det vart vedtatt å innføre obligatoriske arbeidskrav i emnet. Samstundes vart vurderingsforma tilpassa. Skuleeksamen blir bytta ut med innlevering av ei oppgåve. «Vurderingsform i emnet er ein utvida versjon på om lag 1500 ord av ei av dei to obligatoriske oppgåvene.» Då fell også punktet om hjelpemiddel bort og blir erstatta med frasen «Ikkje relevant». På same måte vil godkjend obligatorisk arbeidskrav no gi rett til vurdering for hausten. SPLA109 legg også inn same formular jamfør SPLA107 og SPLA108 kring innhaldet i «Arbeids- og undervisningsformer». Styret vedtok desse endringane, og konstaterer at det totale talet på obligatoriske oppgåver totalt sett har auka arbeidsomfanget til ein programstudent. Samstundes skyt studentrepresentantane inn at dei sjølve ikkje ser på dette som noko negativt, men positivt.

Synnøve og Håkon argumenterte for å endre omtalen av undervisninga i emnet: frå ei kronologisk forståing av historie til ei tematisk. Styret vedtok å endre på nokre moment under «Mål og innhald». Endring i tilnærming inneber endring i innhaldet og endre på nokon av punkta i «Læringsutbytte». På same vis fører nye krav om obligatorisk undervisningsaktivitet til små endringar i det som gjeld «generell kompetanse» og «ferdigheiter» (sjå vedlegg).

#### **SPLA627, SPLA628 og SPLA629 – «skyggeemne»**



Styret vil opprette emna SPLA627, SPLA628 og SPLA629. Dei vil vere ekvivalente til emna: SPLA107, SPLA108 og SPLA109. Det betyr at dei respektive emna overlappar kvarandre reint fagleg (same læringsutbyte/mål og innhald/arbeidskrav/ etc.). Det er berre grunn til å tilpasse vurderingsforma i SPLA627. Sidan emnet er mynta på fjernstudentar vil det vere råd å gå vekk frå ordinær skuleeksamen som er tilfelle for SPAL107. Det vart vedtatt å gjera vedtak per sirkulasjon i etterkant av møte. Fagmiljøet må diskutere kva for vurderingsform som pedagogisk er mest tenleg.

## **DIDASPA1:**

For å vere i tråd med resten av didaktikkemna i framandspråk (FRAN, ENG og TYS) er det grunnlag for å endre på krav til forkunnskapar. Styret vedtok å fjerne kravet om «minimum 60 studiepoeng i spansk» og i staden sette inn «Ingen».

## **DIDASPA2:**

For å vere i tråd med resten av didaktikkemna i framandspråk (FRAN, ENG og TYS) er det grunnlag for å endre på krav til forkunnskapar og ordgrensa på prosjektoppgåva. Styret vedtok å endre kravet til «DIDASPA1» og omfanget til 4000 ord.

## **SPANDI111**

Styret vedtok at dette emnet bør ha same omfang i undervisninga som resten av dei framandspråklege didaktikkemna på lektorprogrammet. Styret endra difor på teksten under «Arbeids- og undervisningsformer» frå «Seminar: 2 timar» til «Seminar: 2 timar per veke i 2 veker».

*SPANDI111 er eit haustemne. Endringane vil difor først bli lagt inn i EpN i løpet av hausten 2020. Samstundes er auken i ressursbruk administrativt godkjent for undervisninga, hausten 2020.*

## **SPLA315:**

Representantar i styret meinte det var fleire ulogiske innslag i emneomtalen. Difor vart det gjort framlegg å fjerne setninga «Faglærer har ansvar for å velja fordjupningsemne og bibliografi.» og erstatte ho med «Studenten vel fordjupningsemne og bibliografi i samråd med faglærer» under «Mål og innhald».

På same vis ser styret praktiske utfordringar når vi ber masterstudentane våre om å sende inn søknad om spesialisering innan 15. desember. SPLA315 har undervisning om våren. Styret vedtok å flytte teksten til SPLA314 og samstundes setje 31. januar som endeleg dato.

Under rubrikken «Litteraturliste» finn ein grunn til å fjerne oppmodinga om å lese eit felles pensum når dette eigentleg ikkje er tenleg. Studentane må uansett sjølv velje fordjupningsemne og bør naturleg nok også sjølv ha ansvar for å finne faglitteratur.



**SPLA314:**

Sjå vedtak gjort under «SPLA315». Teksten vert justert og 31. januar går inn som ny frist for å sende inn søknad om kva for disipliner student sjølv ønskjer å ha som ramme for masteroppgåva.

**SPLA106:**

Studentar med spansk som fag I treng tilbod om å få ta SPLA106 om våren slik at dei kan oppfylla eigen studieplan (MAHF-LÆFR) og normert progresjon. Styret vedtok difor at undervisninga blir flytta frå hausten til våren.

10/20

Ymse

**Melde inn namn på emneansvarlege for kvart semester.** Kari lufta idéen om å etablere ein fast rutine: klargjer tidleg kven som skal ha emneansvar. Det er store variasjonar frå eitt semester til det neste og kan gi trøbbel rundt arbeid med til dømes Leganto. Styret ønskjer ein rutine og sekretæren vil følgje opp dette.

**Påminning emnerapportar og studentevalueringar.** Sekretæren gjorde greie for arbeidet med studiekvalitet. Kravet er at alle emneansvarlege skal levere inn ei eigavurdering av sitt/sine emne. Dei blir så lasta opp i Studiekvalitetsbasen.

20.05.20/RGB



**Referat ekstraordinært programstyremøte for Spansk språk og latinamerikastudium**

**Dato:** 17. juni 2020

**Tid:** kl. 12:30-13.30

**Sted:** virtuelle «rom 309»

**Til stades med stemmerett:** Jon Askeland, Roxana Sobrino Triana, Miguel Angel Quesada-Pacheco, Ernesto Semán, Kari Soriano Salkjelsvik, Mareike Mannigel

**Til stades:** Robert Graff Bakkevold (sekretær)

**Sakliste**

**11/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjent

**12/20 Godkjenning av møtereferat frå programstyremøtet 27. mai**

Sekretær sender ut referat frå møte 27. mai og 17. juni ved neste programstyremøte til hausten.

**13/20 Vedtakssaker**

**1. Endring av vurderingsformer for haustsemesteret 2020**

*Fakultetet har bede alle programstyra vedta endringar i vurderingsformer som normalt krev fysisk oppmøte på campus hausten 2020. For faget spansk språk og latinamerikastudium gjeld det følgjande emne:*

a) Emne med skriftleg skuleeksamen:

SPLA100

Styret vel å byte vurderingsform frå ordinær skuleeksamen til skriftleg eksamen heime. Denne eksamen skal vere på 6 timar slik det vart gjort for mange emne våren 2020.

Fleire ønskte å endre på karakterskalaen frå karakterskalaen A-F til bestått/ikkje bestått. Årsaka er endring av ordinær vurderingsform.

Styret tek omsyn til studentane og deira karaktersnitt. SPLA100 er ikkje å rekne som eit obligatorisk emne i studieplanen. Difor vil ikkje skalaen påverke snittet til studentane ved eventuell søknad om masterplass.

SPLA117, SPLA118 og SLAN611



Styret vel å bytte vurderingsform frå ordinær skuleeksamen til skriftleg eksamen heime. Denne eksamen skal vere på 6 timar slik det vart gjort våren 2020. Styret held på A-F som karakterskala.

- b) Emne med munnleg eksamen:  
SPLA312  
SPLA350

*Framlegg til endring: «munnleg digital eksamen»*

*Vedtatt*

## 2. Obligatoriske arbeidskrav?

Den mellombels fungerande forskrifta opnar opp for å leggje meir til rette for studentar i karantene eller dei som måtte gjere private tiltak for å trygge eige eller annan si helse. I slike tilfelle vil studenten mest sannsynleg likevel kunne ta eksamen. Difor er det grunn for styret til å diskutere spesielt krav til «obligatorisk oppmøte» i emne som har dette frå før. Les om alternativa i vedlegget «Retningslinjer for tilpasning av undervisning og vurdering høsten 2020 som følge av koronaepidemien ved Det humanistiske fakultet».

Styret er samd i å halde fast på dei obligatoriske undervisningsaktivitetane som var fastsette av styret før pandemien, men ønskjer naturleg nok å vise skjøn og er meir fleksibel med tanke på å gi individuelle fristar og liknande. Dette hadde faglærarane etablert om praksis no i vår.

## 3. Val av vurderingsform for «skyggeemnet» SPLA627

Styret må vurdere vurderingsforma for SPLA627. Emnet er planlagt å vere eit fjernemne og skal ha full fagleg overlapp eller vere ekvivalent til SPLA107. Styret blei sist gong informert om at desse emna skulle skygge kvarandre. SPLA107 har skriftleg skuleeksamen. Det kan by på utfordringar. Ønskjer styret å endre på vurderingsforma slik at fjernstudentane ikkje treng å møte opp på campus?

Styret vedtok å ha same vurderingsform for begge emne og vel den digitale forma «skriftleg eksamen heime». Den skal vere på 6 timar.

Styret ønskjer å evaluere erfaringane etter gjennomføring av eksamen våren 2021.





UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

**SPANDI111**

I samband med smittesituasjonen ønskjer emneansvarleg å poengtere tydelegare nokre moment i emneomtalen, under rubrikken «Obligatorisk undervisningsaktivitet»:

*For å kunne gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit sjølvstendig arbeid der dei presenterer eit undervisningsopplegg og drøftar det i lys av fagdidaktisk teori. Den munnlege framføringa vil føregå digitalt på Zoom.*

Styret vedtok endringa.

**Datoar for programstyremøte hausten 2020:**

23. september

18. november

12.06.2020/RGB

A photograph of two young women sitting and talking. The woman on the left has long blonde hair tied back and is wearing a purple sweater. The woman on the right has short dark hair and is wearing a black and white baseball-style shirt. They are both smiling and looking towards each other. The background is a blurred indoor setting.

UNIVERSITETET I BERGEN

**Open dag 2021**

*verden*  
**TRENGER  
TANKENE  
DINE**

# Fremdriftsplan

Dato	
16.09	<b>Frist for fagmiljøene å melde om de skal ha arrangement og film</b>
28.10. – 4.11	Opptak film (tentativt)
2.11	Frist for fagmiljøene å legge inn programtekster og bilder (assistert av Robert G. Bakkevold)
2.12	Filmene publiseres samlet
11.1	Påmelding åpner
15.2	Åpen dag – Student for en dag
<p>Program:</p> <p>10.00-11.30 <b>Sesjon 1 (hovedmålgruppe VG3)</b> 12.30-14.00 <b>Sesjon 2 (hovedmålgruppe VG3)</b> 18.00-19.30 <b>Sesjon 3 (alle målgrupper)</b></p>	

verden  
**TRENGER  
TANKENE  
DINE**

# Målgrupper

## Mandag dagtid

- VG3 elever
- elever på folkehøgskole
- personer som avtjener førstegangstjeneste
- personer som har tatt et friår etter videregående skole

## Mandag kveld (sesjon 3 = valgfritt)

- I arbeid
- Studenter?
- Foreldre?
- Master?

*verden*  
**TRENGER  
TANKENE  
DINE**

# Forslag til programinnhold

Tid	Innhold
10 minutter	<b>Velkomst fra en faglig eller administrativ representant</b> Kort informasjon om hvordan studiet er bygd opp og praktisk informasjon for nye studenter som begynner på denne studieretningen.
40 minutter	<b>Faglig smakebit!</b> For eksempel en eller to korte forelesninger og/eller praktiske øvelser.
10 minutter	<b>Pause</b> Gjerne med mulighet for deltakerne til å stille spørsmål til faglig ansatte og studenter i pausen.
10 minutter	<b>Studentinnlegg</b> Hvordan er studiehverdagen på dette studieprogrammet?
10 minutter	<b>Arbeidsmuligheter</b> Informasjon om arbeidsmuligheter etter fullført utdanning. Kan for eksempel holdes av faglig ansatte, tidligere studenter, næringsliv osv.
10 minutter	<b>Omvisning på relevante deler av campus</b> Hvor foregår forelesningene på dette studieprogrammet? Hvor pleier studentene å møte opp til semesterstart? Hvor er lesesalen og kantinen? Studenter på studieprogrammet kan være med på omvisningen, slik at deltakere som har flere spørsmål kan få svar mens de er på omvisning.

*verden*  
**TRENGER  
TANKENE  
DINE**

## Dimensjonering

- Dersom rekrutterings- og besøksgrunnlaget ikke er stort nok, må fagmiljøet ta stilling til om de ønsker å sette av ressurser til å gjennomføre Åpen dag for svært få besøkende, før de forplikter seg til å gjennomføre et arrangement som del av Åpen dag-programmet.
- Alle arrangement som er satt opp på Åpen dag-programmet skal gjennomføres. Det er kun anledning til å avlyse arrangement dersom det ikke er noen påmeldte deltakere.

*verden*  
**TRENGER  
TANKENE  
DINE**



---

**uib.no**